

SURNADAL ARBEIDARPARTI

**Partiprogram
2019-2023**



Å BU I SURNADAL

Vi ønskjer at alle som har flytta, eller vil flytte, til Surnadal, blir godt mottekte og integrerte som innbyggjarar av kommunen, næringslivet og frivilligheita. Vi vil arbeide for eit program som styrker det offentlege til å ivareta heile familien, med skule, kultur, språk og fritid.

Derfor ønskjer Surnadal Arbeidarparti å:

- Ha attraktive tomter og stimulere til auka bustadbygging i heile kommunen.
- Realisere Buhagen Vest.
- Sikre eit attraktivt og levande sentrum gjennom god planlegging og målretta utvikling.
- Ha aktiv bruk av startlån, slik at fleire kan realisere draumen om eigen bustad.
- Bygge ut fibernett i heile kommunen.
- Etablere utleigebustader fleire stader i kommunen.
- Etablere eit bulystteam som ønskjer nye innbyggjarar velkomne med informasjon om bustader, fritidstilbod, skule og arbeid.
- Støtte «Trondheimstreffet» og ha lett tilgjengeleg informasjon om kommunen.
- Fortsette å busette flyktningar etter oppmoding frå statlege myndigheter.
- Jobbe for eit varmare samfunn der vi tek betre vare på alle grupper.



ARBEID OG NÆRINGSLIV

Arbeidslivet er i rask endring og kommunale tenester er utsatt for press frå kommersielle aktørar. Det kan gi utslag i bruk av innleigd arbeidskraft og privatisering av tenestene. Arbeidarpartiet meiner dette er ei uehdig utvikling. Derfor må kommunen som arbeidsgivar sørge for forsvarleg offentleg drift, som er både effektiv og økonomisk konkurransedyktig.

Derfor ønskjer Surnadal Arbeidarparti å:

- Støtte etablering av nye, varige arbeidsplassar i kommunen, både i det offentlege og i privat næringsliv, samt arbeide aktivt for å behalde eksisterande arbeidsplassar. Næringsfondet og tilrettelegging for næringsareal er viktige verkemiddel i dette arbeidet.
- Arbeide aktivt opp mot sentrale myndigheter for å få gode rammevilkår og skape berekraftig utvikling for landbruket. Her vil vi spesielt prioritere nydyrkning.
- Arbeide for at Trollheimen skal vere prioritert som beiteområde for husdyr, samt arbeide for at rovdyrforliket blir handheva.
- Arbeide for å auke tilbodet om kompetanseheving, etter- og vidareutdanning for alle yrkesgrupper, slik at fleire kan stå i arbeid, og kommunen har den kompetansen dei treng.
- Invitere universitets- og høgskolemiljøet til samarbeid om å legge aktuelle utdanningstilbod til Surnadal.
- Sjå på rekrutteringstiltak for yrkesgrupper kommunen er arbeidsgivar for, der ein slit med å få tilsett ønskt kompetanse, som lærarar og sjukepleiarar.
- Arbeide for heile stillingar i kommunal sektor.

KULTUR OG FRITID

Surnadal kommune er velsigna med flott natur ved sjø, elv og fjell. Vi har eit mangfald av frivillige lag og organisasjonar som tilbyr eit breitt utval av aktivitetar for unge og vaksne. Dette er ressursar vi må ta i bruk og støtte oppunder på best mogleg vis med samarbeid og tilskot.

Derfor ønskjer Surnadal Arbeidarparti å:

- Ha fokus på folkehelse og friluftsliv, med fortsett satsing på Stikk UT! og anna merking av turstiar og skiløyper.
- Samarbeide med lag og organisasjonar, slik at vi gir dei gode vilkår til drift og utvikling av aktivitetar. Det kan til dømes vere å:
 - Legge til rette for at Surnadal kan vere vertskap for store idretts- og kulturarrangement.
 - Satse på utbygging og utvikling av idrettsanlegg saman med idretten, som fotballhall, Surnadal alpinsenter og andre anlegg.
 - Gi støtte til musikk, revy og teater.
 - Sikre museumsarbeidet og løfte kulturminnearbeidet i kommunen gjennom gode driftsavtalar med Nordmøre museum.
 - Utvide opningstidene i symjehallen.
 - Sørge for god ressursutnytting og forsvarleg forvalting av jakt og fiske.



MILJØ OG NATUR

Noreg skal bli eit samfunn med låge utslepp, og det må visest i lokal politikk også. Natur og jordbruk er viktige ressursar for Surnadal, og det er viktig at vi støttar opp under klimaavtalen og berekraftig utvikling.

Derfor ønskjer Surnadal Arbeidarparti å:

- Forplikte kommunen til å bruke klimavennlege byggemateriale og miljøvennlege løysingar i nybygg, der det er mogleg.
- Vere ein pådrivar til å utvikle betre moglegheiter for gjenvinning, både i det offentlege og i private heimar.
- Redusere bruken av plast i kommunen og sørge for god innsamling av landbruksplast.
- Legge til rette for at det skal bli lettare å bruke el-bil, med fleire ladepunkt i kommunen.
- Jobbe for at køyretøy i kommunal regi skal over på miljøvennleg drivstoff.
- Halde trykket oppe for at tiltaka i den svært viktige miljørevisjonen i Surna og Bævra blir gjennomført. Det vil sikre livskraftige sjøaure- og laksestammar i vassdraga våre framover.
- Hindre punktutslepp og arealavrenning frå landbruket og industrien, som skadar naturen.
- Legge til rette for miljøvennleg energiutbygging.
- Bruke energi- og klimaplana aktivt og gjennomføre tiltak frå plana årleg.

SAMFERDSEL

For å møte behova frå trafikantar og næringsliv, må vi tenkje nytt og arbeide målretta for betring av vegnett, infrastruktur, sjøtransport og kollektivtransport. Vi må samarbeide på tvers av kommune-, fylkes- og regiongrenser for å få realisert dette. Behovet for tiltak for å trygge trafikantane våre er eit kontinuerleg arbeid, og er noko vi vil prioritere høgt. Vi vil påverke fylkeskommunen til å utbetre og forsterke fylkesvegane, samt få gatelys i tettbygde strekningar.

Derfor ønskjer Surnadal Arbeidarparti å:

- Sette full fokus på fv. 65, fv. 700 og fv. 701, som er vegtraseane Surnadal-Fannrem/Orkanger og Storås-Berkåk. Vi ønskjer omklassifisering av desse til riksvegar, og å få dei godkjent for 25-meters vogntog med 60 tonn totalvekt.
- Utvikle Surnadal hamn som eit knutepunkt for regionen/landsdelen.
- Halde trykke oppe for Todalsfjordprosjektet.
- Få fortgang i bygging av gang og sykkelvegar, spesielt for å få trygg skuleveg for alle.
- Arbeide for å få gatelys i tettbygde strekningar.
- Ha gode kollektivløysingar, og å behalde dagens frekvens på bussavgangar langs fv. 65, samt lokale bussruter.
- Arbeide for å få fast dekke på fleire kommunale vegar.



OPPVEKST

Skule og barnehage skal vere trygge arenaer for alle barn. Vi skal sikre at alle elevar i grunnskulen har eit godt læringsmiljø, der alle er godt integrerte, både sosialt, språkleg og fagleg.

Derfor ønskjer Surnadal Arbeidarparti å:

- Ferdigstille nye Øye skule og sikre utnytting av heile skuleområdet.
- Oppretthalde livskraftige skular med høg kvalitet, som minimum er tre-delte.
- Sørge for at gratisprinsippet i skulen blir følgt opp.
- Arbeide for å sikre eit godt lågterskeltilbod innan psykiske helsetenester for alle barn i kommunen, t.d. med tilsette på skulen med ulik fagbakgrunn, som helsejukepleierar og miljøarbeidrarar.
- Samarbeide med fylket og vere pådrivar for å utvikle og sikre eit attraktivt fagtilbod ved Surnadal vidaregåande skule, slik at skulen blir førsteval for elevar i inntaksområdet.
- Arbeide for at elevar frå Halsa og Rindal framleis skal ha rett til å gå ved Surnadal vgs.
- Arbeide for nok lærepllassar i det private næringslivet og i det offentlege.

UNGDOM

Ein god og trygg oppvekst er det beste vi kan gi våre barn og ungdommar. Eit godt samfunn for barn og unge er også viktig for at ungdommane skal ønskje å flytte «heimatt» etter fullført utdanning og nokre år ute i «den store verda».

Derfor ønskjer Surnadal Arbeidarparti å:

- Vidareføre ordninga med «Sommarjobb for ungdom».
- Realisere og utvikle ungdomsklubben for å opprette ein rusfri treffstad/kafé for ungdom.
- Samarbeide med frivillige organisasjonar om innhald og drift av ungdomsklubben.
- Involvere ungdomsrådet i relevante saker.
- Ha gode fritidstilbod for ungdom i kommunen vår, og sørge for at mangfaldet av tilbod er godt kjent i målgruppa.
- Gi kulturskulen gode utviklingsvilkår, tilpassa behova elevane har.



FOLKEHELSE HELSE

Godt folkehelsearbeid er noko av det «billegaste» vi kan prioritere, og det påverkar alle tenester vi har. Det er viktig å ha gode tenester og tiltak innan førebyggande arbeid rundt rus, psykiatri og fysisk helse for menneske i alle aldrar.

Derfor ønskjer Surnadal Arbeidarparti å:

- Ha skulemat i alle skulane og på SFO.
- Gi tilgang til tenester frå ein frivilligsentral.
- Etablere ein kommunal legeheimel.
- Få på plass eit ambulerande psykiatri/rusteam.
- Arbeide for å få tilsett ein eller fleire psykologar i kommunen.
- Sørge for at vi fortset å ha eit lågterskel-dagtilbod innan psykiatri og rus på Sommarrotunet.
- Sikre godt ettervern innan psykiatri og rus.

ELDRE

Det skal vere godt å bli eldre i Surnadal. Du skal få leve det livet du ønskjer og vere sjef i eige liv. Det er viktig at eldre har tilgang til sosiale arenaer som tilrettelagte møteplassar, tilbod om fysisk aktivitet og kulturtilbod. Gjennom dette legg vi til rette for lange, gode liv.

Derfor ønskjer Surnadal Arbeidarparti å:

- Gi eldre moglegheit til å lære heile livet og delta i den offentlege kommunikasjonen, t.d. gjennom tilbod om dataopplæring.
- Innføre eit skysstilbod ved enkelte arrangement, som gjer at alle kan delta.
- Etablere eit tilbod om vaktmeistertenester for eldre.



OMSORG FOR INNBYGGARANE

Sjølv om du på grunn av alder eller sjukdom/skade treng omsorg frå det offentlege, skal du kunne bu i eigen heim så lenge som mogleg. Livet som hjelpetrengande i Surnadal skal vere fylt med mening og meistring. Vi skal satse på ei god heimetneneste. Når det ikkje lenger går an å bu heime, skal vi ha nok sjukeheimspllassar.

Derfor ønskjer Surnadal Arbeidarparti å:

- Opprette fleire bufellesskap med aktivitetstilbod for ulike grupper.
- Bruke velferdsteknologi som viktige hjelpemiddel i omsorgstenesta.
- Etablere eit helsehus, der vi samlokaliserer og koordinerer ulike kommunale tenester og frivillig arbeid.
- Framleis tilby god kvalitet på pleie- og omsorgstenestene våre.



Partiprogrammet vart vedteke på medlemsmøte i Surnadal Arbeidarparti 7.1.2019.